

Rettleiingshefte for
**Tilskotsordningar i Regionalt miljøprogram
for Rogaland**
2015

NB! Ny søknadsfrist 20. august

7. august 2015

Regionalt miljøprogram er eit økonomisk verkemiddel over jordbruksavtalen. Programmet bygger på Nasjonalt miljøprogram, og er fastsett av Fylkesmannen i Rogaland i samråd med Rogaland Bondelag, Noregs Bonde- og Småbrukarlag. Det regionale partnarskapet som i tillegg inkluderer kommunane, Rogaland fylkeskommune og Norsk landbruksrådgiving Rogaland har vore involvert i prosessen. Programmet går over fire år.

Søknadar skal leverast elektronisk på www.landbruksdirektoratet.no eller til kommunal landbruksforvaltning. Dei fleste tiltaka som det kan søkjast tilskot til skal teiknast inn på kart.

Innhald

1.	Innleiing	3
2.	Generelle reglar	4
	Kven kan få årleg tilskot til miljøtiltak?.....	4
	Føretak som har rett til produksjonstilskot i jordbruket	4
	Godkjende beitelag	4
	Vilkår	4
	Søknadsfrist og teljedato.....	4
	Kart som viser områdeavgrensing	5
3.	Korleis søker?	6
4.	Omtale av ordningane.....	12
	Kulturlandskap	12
	Slått av lokalt verdifulle jordbrukslandskap	12
	Beite av lokalt verdifulle jordbrukslandskap	13
	Areal m/spesielle verdiar	14
	Skjøtsel av bratt areal	14
	Drift av beitelag.....	14
	Beite i utmark.....	15
	Hest/storfe – NB! Gjeld berre storfe	15
	Sau/geit – NB! Gjeld berre ammegeit	15
	Biologisk mangfold	16
	Skjøtsel av slåttemark	16
	Skjøtsel av kystlynghei og beite av kystlynghei	17
	Beite av kystlynghei	18
	Skjøtsel av styringstrær	18
	Skjøtsel av biologisk verdifulle areal	18
	Beite av biologisk verdifulle areal	19
	Tilrettelegging av fuglebiotop	19
	Svarthalespove.....	19
	Bevaringsverdige husdyrrasar	20
	Kulturminne.....	21
	Skjøtsel av gravminne	22
	Skjøtsel av andre automatisk freda kulturminne	22
	Drift av enkeltseter med mjølkeproduksjon.....	22
	Friluftsliv.....	23
	Vedlikehald av ferdelsårar i jordbrukslandskapet.....	23
	Avrenning til vassdrag og kyst	25
	Fangvekstar etter hausting	25
	Ugjødsla randsone i eng	26
	Vegetasjonssone	26
	Vedlikehald av fangdammar	27
	Miljøavtale	28
	Miljøvenleg spreiling av husdyrgjødsel.....	29
	Nedlegging eller nedfelling	30
	Bruk av tilførselsslanguar	30
	Spreiling med rask nedmolding.....	30

1. Innleiing

Dette heftet inneholder informasjon om tilskotsordningane i Regionalt miljøprogram for jordbruket i Rogaland. Miljøprogrammet blei innført i 2005, og er ein del av dei årlege jordbruksforhandlingane. Tilskota skal gå til føretak som gjer viktig miljøarbeid i jordbruket, og som har rett til å søkje om produksjonstilskot. Programmet er utarbeidd i det regionale partnarskapet, og blir fastsett av Fylkesmannen i samråd med Rogaland Bondelag og Rogaland bonde- og småbrukarlag. Rogaland har i 2015 kr 32 millionar kroner til fordeling.

I år vil søknadsmateriell berre vere tilgjengeleg digitalt. Søknaden skal leverast digitalt eller på papir. Ønskjer du å nytte papirsøknad kan du anten sjølv skrive ut denne, eller be om kommunen om papirsøknad. Papirsøknadar skal du levere til kommunen saman med kart som viser kvar det blir gjort tiltak. Landbruksforvaltninga i kommunen skal kunne gi rettleiing om tilskotsordningar og søknadsskjema.

Du kan søkje elektronisk via Altinn. Søkte du tilskot i 2013 eller 2014 vil du kunne sjå den gamle søknaden og kartet når du søker på nytt.

Det er ein skilde endringar i Regionale miljøprogram frå 2014.

Endringane i 2015 samanlikna med 2014 er:

- ✓ Ny søknadsfrist er 20. august
- ✓ Krav om miljøplan erstatta med krav om gjødselplan og føring av journal for bruk av plantevernmiddel jf. særforskrifter
- ✓ Dato for siste spreiling av husdyrgjødsel for tilskot til miljøvenleg gjødselspreiling og miljøavtalar er flytta frå 1. august til 10. august.
- ✓ Endringar i område med miljøavtale
- ✓ Endringar i førebelse tilskotssatsar.
- ✓ Tilskot til svarthalespoveområdet er tatt bort
- ✓ Område som er kvalifisert for tilskot til verneområde, sikra friluftsområde, kystlynghei, skjøtsel av biologisk verdifulle areal, beite av biologisk verdifulle areal kan ikkje få doble tilskot. Du må velje kva ordning du vil søkje på.

***Informasjon om Regionalt miljøprogram ligg på heimesida til Fylkesmannen i Rogaland:
www.fylkesmannen.no/rogaland***

Dersom du driv slik at du er kvalifisert til støtte har du rett på tilskot. Du har likevel ansvar for å fylle ut søknadsskjema og levere det innan søknadsfristen. I dei neste avsnitta er det gjort greie for generelle vilkår for støtte og kva som gjeld spesielt for dei ulike ordningane. Det juridiske grunnlaget for denne støtta går fram av forskrift av 7. mai 2015 om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket i Rogaland (RMP-forskrifta for Rogaland fylke). Ved å lese informasjonen i dette heftet vil du truleg kunne avgjere om du har ei drift som kvalifiserer til støtte. Er du likevel i tvil, så kontakt landbruksforvaltninga i din kommune.

2. Generelle reglar

Kven kan få årleg tilskot til miljøtiltak?

Føretak som har rett til produksjonstilskot i jordbruket

Tilskot til miljøtiltak i jordbruket i Rogaland kan bli gitt til alle føretak som har rett på produksjonstilskot. Vilkår for å få produksjonstilskot er gitt i forskrift av 22. mars 2002 nr. 283 om produksjonstilskot i jordbruket. Føretak som skal søkje regionalt miljøtilskot må på registreringsdato 31. juli i søknadsåret oppfylle vilkår for søknad om produksjonstilskot.

Areal og dyr som det blir gitt støtte til i både produksjonstilskot og i Regionalt miljøprogram må vere omsøkt av same føretak.

Tilskot kan bli gitt til alt areal føretaket disponerer (eigd, leidt og/eller forpaktet areal) i Rogaland. Dersom eit føretak disponerer areal, eller har beitedyr i eit anna fylke, gjeld Regionalt miljøprogram for det fylket arealet ligg i.

Godkjende beitelag

"Tilskot til årleg drift av beitelag" kan bli gitt til beitelag som er godkjent av kommunen (sjå meir om krav til godkjenning av beitelag på side 14). Søknaden skal gå til kommunen beitelaget er registrert i. Andre fylke kan ha andre satsar for drift av beitelag.

Beitelaga må vere registrerte i Einingsregisteret innan registreringsdatoen 31.07. Alle medlem i beitelaget må ha gyldige organisasjonsnummer i Einingsregisteret. Det er beitelagsleiaren som skal sende inn søknaden for beitelaget. Søknaden skal skje elektronisk via Altinn. Det er difor viktig at beitelagsleiaren har nødvendige tilgangar i Altinn.

Vilkår

Alle som søker tilskot må ha gjødslingsplan. Viss det på driftseininga er brukt plantevernmiddel må journal vere i tråd med føringane i forskrift om bruk av plantevernmidlar. Feil og manglar i gjødslingsplanen eller journal vil føre til reduksjon i tilskotet.

Dei fleste tiltaka som det kan søkjast tilskot til skal teiknast inn på kartportalen som er tilknytt RMP. Søkker du på papir skal det saman med papirsøknaden leverast kart over tiltaka. I einskilde ordningar er det behov for skjøtsel ut over det ein kan rekne som vanleg landbruksdrift. Dette går fram av informasjonen knytt til dei einskilde ordningane. T.d. kan det vere at skjøtsel skal omtala, eller at det skal føreligge ein skjøtselsplan.

Det er eit generelt krav at kulturminne etter kulturminnelova som ligg på omsøkt areal ikkje blir øydelagde. Skjøtsel av automatisk freda kulturminne skal skje etter kontakt med, og i samsvar med kulturstyresmaktene sine faglege råd.

Søknadsfrist og teljedato

Søknadsfrist for tilskotsordningar i "Regionalt Miljøprogram for jordbruket i Rogaland" er **20. august**. Unnateke denne fristen er "Tilskot til årleg drift av beitelag" som har søknadsfrist **1. november**.

Ved for seint levert søknad, blir tilskotet redusert. Med mindre det er gitt dispensasjon frå søknadsfristen, blir det ved utrekning av tilskotet føretatt ein reduksjon på kr. 1000,- per yrkedag etter at fristen er gått ut. Søknadar som blir leverte etter 20.oktober blir avviste. Det blir berre gitt dispensasjon i særlege tilfelle.

Teljedato for ordningane er som hovudregel 31. juli. For tilskot til sau og tilskot til bevaringsverdig storfe vil teljedato vere 1. januar som i produksjonstilskot. Denne datoene er sett for å kunne kontrollere data opp mot søknad om produksjonstilskot. 31. juli vil også vere frist for registrering av areal i Naturbasen, merking av tursti, avmerking av tursti på kart m.m. Område eller kulturlandskapselement som blir registrert etter teljedato, vil ikkje kunne få tilskot før året etter. For kvar ordning er det fastsett førebels tilskotssats. Tilskotssatsane kan bli endra.

Kart som viser områdeavgrensing

For nokre ordningar er det sett geografiske avgrensingar. Dette er gjort for å målrette ordningane mot dei områda der tilskot vil ha størst effekt.

Eventuelle nye grenser for ordningane skal godkjennast av Fylkesmannen i Rogaland. Grensene skal vere justerte innan 31.07 i søknadsåret. For einskilde ordningar er det også krav om at arealet eller tilskotsobjektet skal vere registrert i ulike register. Frist for oppdatering av desse regisstra er også 31.07.

Geografiske avgrensingar av tilskot ser du på heimesida Temakart Rogaland, regionalt miljøprogram

www.temakart-rogaland.no/rmp

3. Korleis søker?

Søknad om miljøtilskotet kan leverast anten på papir til kommunen der du har din driftseining eller på internett. Du kan søkje elektronisk frå 1. august. Siste frist er 20. august. Treng du hjelp til søknaden kan du kontakte landbruksforvaltninga i din kommune.

Elektronisk søknad har fleire fordelar:

- Du får ferdig utfylde opplysningar om føretaket
- Du får forløpende beskjed om du har fylt ut skjemaet rett
- Opplysningane blir kontrollerte
- Du får kvittering på at søknaden er motteken
- Opplysningane du legg inn kan kopierast til søknadar seinare år
- I Altinn kan du sjå når det er gjort vedtak på søknaden

På framsida til www.landbruksdirektoratet.no finn du lenke til søknadsskjemaet. Du må logge deg inn i Altinn, t.d. med Min ID eller Bank ID

Kva må du gjere på førehand?

Du treng berre ein vanleg nettlesar for å søkje. Dersom du ikkje har tilgang til ein datamaskin, kan du kontakte landbruksansvarlege i kommunen. Dei kan hjelpe deg med å få lagt inn søknaden elektronisk.

Sjølve søknadsskjemaet ligg på Altinn, så du loggar deg på med MinID eller BankID. Det er lurt å ordne dette i god tid før du skal fylle ut søknaden.

Slik søker du elektronisk

Gå til www.landbruksdirektoratet.no og vel "Søk om regionalt miljøtilskudd".

Når du er logga inn i Altinn må du først velje å representera landbruksføretaket ditt for å få opna søknadsskjemaet. Trykk «hald fram» for å gå vidare.

Første neste kan startast

Søknad om regionalt miljøtilskott 2013

Gyldige avgivarar er lista i nedtrekklista under. Vel aksjon:

316170950 - UTHUSGET AS
eller næste 3 arbeidsp. peri. og tilklikk

Hald fram >

Du kjem no inn i søknadsskjemaet og får sjå grunnopplysingane om føretaket ditt. Fyll inn telefonnummer eller e-postadresse. På denne sida vel du kva for fylke du skal søke i. om du har tiltak i fleire fylke må du sende inn ein søknad for kvart fylke.

Her ligger hjelpeinformasjon om hvordan skjemaet skal fylles ut. Dersom du fyller inn noe feil vil denne teksten være rød, og fortelle deg hva du må gjøre for å rette det opp.



Eigedomar

Når du har valt fylke, trykker du *Neste>>* og legg inn alle eigedomane du skal søkje for. Viss du tidlegare har søkt tilskot vil eigedomane som sist blei registrert automatisk komme opp. Du må ha registrert minst ein eide dom for å komme vidare i skjemaet. Trykk «neste» for å komme vidare.

Miljøtiltak på kart

Dei fleste tiltaka skal stadfestast på kart. På www.temakart-rogaland.no/rmp finn du oversikt over kvar det kan søkjast på dei ulike tiltaka

Vel «opne kart». Viss du tidlegare har motteke miljøtilskot vil du få spørsmål om å hente inn tidlegare kart. Det gjer at du slepp å teikne tiltaka på nytt. **Vi anbefaler at du svarar ja.** Du kan etterpå endre eller slette dei, og legge til nye tiltak. Merk at det kan ta litt tid å laste inn kartet. Det ligg tips til teikning i kartet på: <https://www.slf.dep.no/no/miljo-og-okologisk/regionalt-miljotilskudd/bruk-av-kart/bruk-av-kart>. Trykk «avslutt» oppe i høgre hjørne når du er ferdig for å komme tilbake til skjemaet.





1. Trykk på «*Velg tiltak*»... øvst i kartet.
I lista er alle tiltak som finns i fylket tilgjengeleg. Lista er sortert på aktivitetsområde og tiltak. Skal du velje tiltaksklasse, skal du velje dette etter at tiltaket er teikna inn.

2. Før du kan teikne, må du velje mellom «*Tegn i kart*» eller «*Velg område*».

Tegn i kart

eller

Velg område

3. Velje område: Du kan nå velje det blå området med eit enkeltklikk i kartet.

For nokre tiltak vil ikkje «*Velg område*» vere tilgjengeleg. Knappen vil då vere inaktiv. Da må du velje «*Tegn i kart...* »

4. Teikne i kart: Du får beskjed om tiltaket skal teiknast som punkt, line eller flate.

- Punkt teiknast med eit klikk i kartet.
- Liner teiknast med fleire klikk i kartet. Avslutt med eit dobbeltklikk.
- Flater teiknast med eit klikk for kvart hjørne av området. Avslutt med eit dobbeltklikk.

Dersom kartet viser eit merka område i blått, kan tiltaket berre teiknast innanfor dette.

Teiknar du utanfor, vil det automatisk bli klipp bort. **Det er difor ikkje nødvendig å teikne nøyaktig langs eigedomsgrenser el. Klikk det rundt det blå området med god margin.**

5. Trykk «*Lagre*» og hald fram med å teikne inn. Trykk «*Angre*» dersom du ikkje vil lagre tiltaket.

6. Når du er ferdig, trykker du «*Avslutt*» øvst til høgre og blir sendt attende til søknadsskjema.

Alle tiltaka du har teikna blir vist i ei liste under kartet. Her kan du trykke på *Endre* eller *Slett* for å rette opp i tiltaka.

Hente kartdata inn i søknaden

Du du er tilbake i skjemaet må du trykke på «Hent kartdata» for å få tiltaka med i søknaden.

Miljøtiltak på kart

Her skal du registrere miljøtiltak på kart. Følg stegene nedenfor.

1. Øpne kart

Gå tilbake Kartet opnast i eit eige vindauge. Tiltaka lagret i kartet etter hvert som du tekmer dei.

2. Hent kartdata

Hér du er ferdig med å tekme i kartet, må du klikke «Hent kartdata» for å overføre tiltaka til søknaden.

Hiljøtiltak registrert i kart

Trykk på «Hent kartdata» for å hente miljøtiltak i kartet.

Tiltak / tiltaksklasse	Verdi fra kart	Søker om	Subenhets
Beta av lokalt verdi/ulike jordbrukslandskap	55 dekar	55 dyreenheter/dyreenheter	55 dekar
Veksande kultur	118 dekar	118 dekar	
Skotsel av bratt areal			
Helling 1:3	12 dekar	12 dekar	
Helling 1:3	0 dekar	0 dekar	

Troms

Trykk på knappen «Hent kartdata». En liste over tiltakene du har tegnet med tiltaksklasse og mengde vises.

Noen steder må du fylle inn opplysninger om f.eks. antall dyreenheter. Se veiledningsheftet fra Fylkesmannen for utregning av dyreenheter.

Dersom verdien for tiltaket vises i hvit boks kan du overskrive verdiene fra kartet dersom du ikke har klart å tegne nøyaktig.

Dette gjelder også for tiltak som tegnes som et punkt i kartet, eksempelvis styringstrær. For disse trenger du bare markere ett punkt i kartet, og fylle inn antall trær på denne siden.

Du kan åpne kartet igjen og endre på det som allerede er tegnet inn. Har du problemer med å tegne riktig kan du skrive en kommentar om dette til saksbehandleren på siden «Tilleggsinformasjon» senere i søknadsskjemaet.

Andre miljøtiltak

Nokre tiltak skal **ikkje** teiknast i kart. Dette er:

- Beite i utmark
- Bevaringsverdige husdyrrasar
- Drift av beitelag

Dersom du søker om tilskot til desse tiltaka, skal dei fyllast ut på sida *Andre miljøtiltak*.

Tilleggsinformasjon

Trykk Neste for å kome til sida *Tilleggsinformasjon*. Her må du krysse av for dei eigenerklæringane som gjeld for deg. Dersom du har ein beskjed til sakshandsamar, kan dette fyllast ut her.

Dersom du skal legge til vedlegg, trykk på fana øvst til venstre:

Oversikt - skjema og vedlegg

Samandrag

Gå vidare til *Samandrag* for å sjå heile søknaden. Her får du også sjå biletet av kva du har teikna i kartet. Trykk «kontroller skjema» for å sjekke om søknaden er riktig fylt ut. Rett opp eventuelle feil.

Innsending

Når du er ferdig med søkeradsskjemaet må du hugse å sende inn skjemaet. Du får då ei stadfesting på at søkeraden er motteken for vidare handsaming i kommunen.

The screenshot shows the 'Steg 2 av 3: Innsending' (Step 2 of 3: Submission) page. It includes sections for 'Søkere' (Applicant) and 'Fyldelegg' (Fill in). A blue arrow points from the 'Send tilbake til oppfølging' (Send back to follow-up) button to the 'Utskrift' (Print) button. A red circle highlights the 'Send inn' (Send in) button. On the right, there's a sidebar with various service links.

Når du har sendt inn søkeraden vil du få en slik kvittering:

The receipt page displays the application number AR140673 and the date 02.07.2014. It includes sections for 'Tilskotsdrag' (Benefit application), 'Håndlingsplan' (Action plan), and 'Utskriftsversjon (pdf)' (Print version). A blue arrow points from the 'Send inn' button on the previous screen to the 'Send inn' button on this receipt page. A red circle highlights the 'Send inn' button on the receipt page. The receipt also contains a note about sending a copy to the applicant by e-mail.

Søkeraden vil ligge under «arkivert» i «min meldingsboks» i Altinn. Du kan få kopi av kvitteringen på e-post. Tilskotsbrevet er klart i slutten av februar og vil berre bli sendt til «min meldingsboks» i Altinn. Du vil få varsle om at det er klart på mobiltelefonnummeret eller e-postadressa du har lagt inn i Altinn. Vil du endre kontonummeret må du gjere det på «mitt landbruksforetak» innan 3 veker før utbetaling. Viss grunnopplysningane er feil må dei endrast i Einingsregisteret.

4. Omtale av ordningane

Kulturlandskap



Foto: Arne J. Lyshol. Bratt areal i Espedalen

Fleire stader i Rogaland er gjengroing av kulturlandskapet eit aukande problem. Det opne og varierte landskapet er svært viktig for trivsel og busettnad. Reiselivet tener også på opne og vakre kulturlandskap. Omstillinga i landbruket er stor. Tempoet i gjengroinga er så stor at det vil vere umogleg å stoppe utviklinga alle stader. I Regionalt miljøprogram har vi derfor valt ut einkelte stader der vi meiner det er spesielt viktig å hindre gjengroinga.

Slått av lokalt verdifulle jordbrukslandskap

Slått av lokalt verdifulle jordbrukslandskap er delt inn i to ulike tiltaksklasser. Tilskot blir gitt per dekar fulldyrka eller overflatedyrka areal. Det skal haustast avling på minst 350 kg tørrstoff per dekar på areala i løpet av vekstsesongen. Alternativt skal arealet beitast tilstrekkelig for å hindre gjengroing. Mange av bruka som er omtalt under er ikkje lengre aktive. Tilskot kan berre bli gitt til føretak som har rett til produksjonstilskot, og som leiger areal på desse bruka. Maksimalt utbetaling per føretak er 50 000 kr.

Øyer/holmer/veglause område

Ordninga gjeld definerte område i Forsand kommune og Bjerkreim kommune.

I Forsand kommune gjeld ordninga: **Høllesli, Habn, Bratteli, Bakken, Hatleskog, Helmikstøl, Kåsen, Kallastein, Håhellar, Auglend, Lysebotn, Flørli, Kallali, Vika, Bergsholmen, Vassbotn og Songsand.**

I Bjerkreim kommune gjeld ordninga **Dyrskog ved Ørsdalsvatnet.**

Fjellområde

Ordninga gjeld for desse bruka i Suldal kommune; **Littlehamar, Klungtveit, Mokleiv, Lali og Hamrabø.**

Beite av lokalt verdifulle jordbrukslandskap



Beite av lokalt verdifulle jordbrukslandskap er delt inn i fem tiltaksklasser. Tilskot blir gitt per dyreeining. 1 sau/geit/lam = 1 dyreeining, 1 mjølkeku/ammeku= 5 dyreingar og hest/ungdyr av storfe = 3 dyreeiningar. Det må vere same føretak som søker produksjonstilskot og RMP- tilskot for same dyr. I søknaden skal både tal dyreeiningar og storleiken på beitearealet førast opp. Viss søker ikke sjølv eig arealet som blir beitt, må avtale med grunneigar liggje føre.

Øyer/holmar/veglause område

Ordninga gjeld definerte område i Forsand kommune og Bjerkreim kommune.

I Forsand kommune gjeld ordninga Høllesli, Habn, Bratteli, Bakken, Hatleskog, Helmikstøl, Kåsen, Kallastein, Håhellar, Auglend, Lysebotn, Flørli, Kallali, Vika, Vassbotn, Bergsholmen og Songesand.

I Bjerkreim kommune gjeld ordninga Dyrskog ved Ørsdalsvatnet.

Ved søknad om beitetilskot skal tel dyreeiningar førast opp:

1 Sau/geit over 1 år per 1. januar = 1 dyreeining

1 mjølkeku/ammeku = 5 dyreeiningar

Hest/ungdyr av storfe = 3 dyreeiningar

I kartet skal jordbruksareal dyra beitar på teiknast inn. Det er automatisk kontroll mot beitetrykk. For kvar dyreeining er det krav om 2 dekar jordbruksareal.

Fjellområde

Ordninga gjeld for desse brukene i Suldal kommune; Little-hamar, Klungtveit, Mokleiv, Lali og Hamrabø.

I kartet skal jordbruksareal dyra beitar på teiknast inn. For kvar dyreeining er det krav om 2 dekar jordbruksareal.

Verneområde

Tilskot blir gitt til dyr som beiter i definerte område som er verna etter naturvernlova. Beiteområda skal teiknast inn i kartportalen, og det er krav om eigen skjøtselsplan. Skjøtselsplanen skal godkjennast av styresmakta som forvaltar verneområdet. Skjøtselplanen kan vere utarbeidd av beitelag, landbruksrådgivinga, kommunen eller andre. For store samanhengande beiteområde kan det med fordel bli utarbeidd ein samla plan for heile området. Dyra må beite i område i minst 8 veker. Beitearealet må ligge i Rogaland fylke. I kartet skal det skisserast kva område dyra beiter i. Område som er kvalifisert for tilskot til verneområde, sikra friluftsområde, kystlynghei, skjøtsel av biologisk verdifulle areal, beite av biologisk verdifulle areal kan ikke få doble tilskot. Du må velje kva ordning du vil søker på.

Det kan bli gitt tilskot til beiting i følgjande område:

Dalane: Førland/Sletthei

Jæren: Børaunen, Vigdelveden, Kyllesvatnet, Frøylandsvatnet. Orrevatn-Borsok, Malenes, Nese, Urådalen, Lyngaland, Linemyra, Trollhaugmyr, Ragstjørn, Frafjordheiene, Brusand, Synesvarden

Haugalandet: Øvre Eide, Heiavatnet, Årviksholmane-Nautøy, Gåsholmen, Årviksholmen, Lindøy

Ryfylke: Nordre Rennesøy, Vignesholmane, Målandsdalen, Frafjordheiene, Setesdal/Vesthei-Ryfylkeheiene, (Lyseheiene), Vormedalsheia, Lusaheia, Kvanndalen, Dyraheio, Nord-Talje

Areal m/spesielle verdiar

Areal med spesielle verdiar gjeld sikra friluftsområde der beite er nødvendig. Eit område blir rekna som sikra når det offentlege har kjøpt det eller har leigeavtale som gjeld i minst 20 år. Område som er kvalifisert for tilskot til verneområde, sikra friluftsområde, kystlynghei, skjøtsel av biologisk verdifulle areal, beite av biologisk verdifulle areal kan ikkje få doble tilskot. Du må velje kva ordning du vil søkje på.

Det kan bli gitt tilskott til beiting i følgjande område:

Dalane: Auglend

Jæren: Lindøy, Langøy, Store Marøy, Risnes i Tananger, Jåsund, Vigdelsstranda, Dalsnuten-Revholdstjern, Gramstad, Revholen, Tinghaug/Krosshaug, Melsvatnet, Øygard, Vaulen på Brusand

Haugalandet: Vesterøy/Austerøy, Førland, Lindøy, Ognahabn, Romsa, Søre Børøyholmen

Ryfylke: Nord-Talje, Sauøy, Knausen, Rossøy, Sjubbeholsvågen, Kadlaneset, Lineholmane, Fjøløy fort

Skjøtsel av bratt areal

Tilskot blir gitt til jordbruksareal (fulldyrka areal, overflatedyrka areal eller innmarksbeite) som har ei helling på 1:5 eller brattare. Arealet må haustast anten ved slått eller beite, og må drivast slik at det har normal fôrkvalitet og produksjon. Du må minst ha 15 dekar bratt jordbruksareal for å kunne søkje. Tilskotet er delt opp i to klassar: skjøtsel av bratt areal med helling 1:3 og skjøtsel av bratt areal med helling 1:5.

Drift av beitelag

NB! Det er eigen søkeradsfrist 1. november



Det blir gitt tilskot til årlig drift av beitelag som organiserer felles beitebruk på utmark i minimum 6 veker i sommarhalvåret. Beitelaga må vere godkjende av kommunen, og registrert i Einingsregisteret. Kommunen skal melde Fylkesmannen om godkjenninga. Medlem i laget må ha eige organisasjonsnummer. Nyregistrerte lag skal ha minst 5 medlemmer og 300 småfeeiningar. Minstekrav for eksisterande lag er 3 medlemar og 150 småfeeiningar. Ordninga gjeld for heimsanka sau, geit, hest og storfe. Leiari av beitelaget skal på vegne av laget søkje tilskot via Altinn. Søknaden skal sendast til kommunen beitelaget er registrert i.

Krav til beitelag som får tilskot:

- ✓ Laget skal ha eigne lover og eit styre valt av medlemmene i laget.

- ✓ Laget skal vere ope for brukarar som har tilgang til utmarksbeite i eit område der samarbeid kan fremje bruk av beiteområda.
- ✓ Laget skal bruke alle tilskot til laget til å fremje den organiserte beitebruken i området gjennom felles tiltak.
- ✓ Laget skal organisere effektivt og forsvarleg tilsyn og sinking av eigne og andre sine dyr i laget sitt område, tilpassa lokale forhold. Beiteområdet skal inspiserast minst ein gong kvar veke, slik at unormale tilhøve blir oppdaga og nødvendige tiltak blir sett i verk.
- ✓ Laget skal samarbeide med tilgrensande lag når det kan effektivisere ressursbruk og utnytting av beita. Dette gjeld særleg sinking og ettersinking.
- ✓ Laget skal notere på fastsett skjema opplysningar om gjennomført tilsyn (dato, tilsynsrunde, unormale tilhøve i beiteområdet og tiltak som er sett i verk). Fylkesmannen og kommunen kan i særlege høve høve be om å få lagt fram denne dokumentasjonen.

Beite i utmark



Foto: Arne J. Lyshol. Skotsk høylandsfe

Tilskotet kan bli gitt til ammegeit og storfe av ekstensiv rase som beitar på utmarksbeite. I beitetida skal grovfôropptaket i all vesentlig grad vere gjennom beiting.

Vilkår:

- Dyra må beite i utmark i minst 8 veker.
- Arealalet dyra beiter på må vere i Rogaland.

Hest/storfe – NB! Gjeld berre storfe av gitt rase

Tilskotet kan berre bli gitt til vaksne dyr og kalvar av følgjande rasar: Aberdeen Angus, Hereford, Skotsk Høglandsfe, Galloway, Dexter.

Sau/geit – NB! Gjeld berre ammegeit

Tilskotet kan bli gitt til ammegeit. Med ammegeit meinast geiter som har kjeet minst ein gong, og som ikkje er mjølkegeiter.

Biologisk mangfold



Foto: Arne J. Lyshol. Selsfjellet mot Mosterøy

Jordbruket er viktig for å ta vare på biologisk mangfold. Mange artars levesett er knytt opp til ulike driftsmetodar i jordbruket. Med naturmangfaldlova blei omsynet til biologisk mangfold forsterka. I Regionalt miljøprogram er det viktig å understreke at tilskot skal gå til føretak som har aktiv skjøtsel av definerte naturverdiar, og skal ikkje sjåast på som ei erstatningsordning for ulike lovpålegg etter naturmangfaldlova.

Skjøtsel av slåttemark

Slåttemark er ein utvald naturtype etter naturmangfaldlova. Det blir gitt tilskot til areal som er registrert som slåttemark i Miljødirektoratet sin database, Naturbasen.

Vilkår:

- ✓ Du må kunne gjere skriftleg greie for korleis skjøtselen har vore. T.d. med omsyn til beitetidspunkt, beitetrykk og slåttetidspunkt.
- ✓ Det skal ikkje brukast kjemiske plantevernmidlar, mineralgjødsel eller husdyrgjødsel med mindre det er i samsvar med godkjend skjøtselsplan.
- ✓ Arealet må slåast etter at dei viktigaste blomane har avblomstra.

Skjøtsel av kystlynghei og beite av kystlynghei

Kystlyngheia er utvikla i yngre steinalder gjennom at områda blir svidd og tatt i bruk som beite. Endra driftsformer med mindre beite i denne typen landskap, gjer at dei store samanhengande lyncheiane er i ferd med å forsvinne. Gjennom denne ordninga ønskjer vi å leggje til rette for aktiv bruk av kystlynghei, særleg område med stor natur- og kulturhistorisk verdi. Kystlynghei blei i 2015 definert som utvald naturtype.

Område det blir gitt tilskot til må vere registrerte som kystlynghei med verdi A eller B i [Miljødirektoratet](#) sin database "Naturbasen". Det blir i 2015 gitt tilskot til areal som blei nedklassifisert til verdi C i 2015 som følgje av uavklart kartstatus.

Område det blir gitt tilskot til må vere registrerte i «Naturbasen». Tilskot per dekar blir gitt i område med verdi A, og tilskot per dyr blir gitt i område med verdi B. Du kan ikke både få tilskot per dyr og dekar i same område.

Du må ha godkjend skjøtselsplan utarbeidd av eigna faginstans

Driv du skjøtsel i eit område som er registrert med verdi A i Naturbasen kan du søkje tilskot per dekar til verdifull kystlynghei. Driv du skjøtsel av kystlynghei i eit område med verdi B kan du søkje tilskot per dyr under «Beite av kystlynghei». Normalt kan ikkje tilskot til dyr bli gitt i kombinasjon med tilskot til tal dekar.

Generelle vilkår:

- ✓ Arealalet det søker på skal merkast av i kartportalen.
- ✓ Skjøtselsplan skal vere utarbeidd av eigna faginstans og skal godkjennast av kommunen. Planen skal leggjast ved søknaden.
- ✓ Beitetrykket skal vere slik at arealets eigenart blir oppretthaldt. Ved for hardt beitetrykk tek grasartane over. Ved for svak beiting vil røsslyngen forvede seg og førverdien blir redusert. For å unngå dette må det beites jamt og eventuelt brennast der røsslyngen har blitt for gammal
- ✓ Området skal ikkje jordarbeidast, planerast eller tilførast gjødsel, såfrø eller plantevernmidlar.
- ✓ Automatisk freda kulturminne og nyare tids kulturminne på omsøkt areal skal haldast ved like.

Maksimalt tilskot per føretak er 50 000 for summen av ordningane: Særlig verdifull kystlynghei, Verdifull kystlynghei, Beite av kystlynghei og beite av biologisk verdifulle areal (naturbeitemark).

Særlig verdifull kystlynghei

Konkrete område som får tilskot må vere med i ei av følgjande registreringar:

Rennesøy: Hodne- Helleland- Bø

Lund: Førland/Sletthei

Time og Bjerkreim: Trollhaugsmyr

Tilskotet blir gitt per dekar beiteareal registrert som kystlynghei.

Verdifull kystlynghei

Tilskotet blir gitt per dekar beiteareal registrert som kystlynghei. Område som får tilskot må vere klassifisert som kystlynghei (D07) i Naturbasen med verdi A.

Beite av kystlynghei

I område med kystlynghei klassifisert med verdi B i naturbasen kan det bli gitt tilskott til beiting.
Tilskotet blir gitt per dyreeining til vaksne dyr. 1 sau= 1 dyreeining. 1 storfe= 3 dyreeiningar.

Skjøtsel av styvingstrær



Mange stader i Rogaland har det frå gammalt av vore vanleg å hauste lauv på tre som før til dyra. Dette har ført til at trea har ei spesiell form. Styvingstrea syner godt igjen i landskapet og står att som fine historiske dokument frå haustingsjordbruket. Dei kan også vere viktige biotopar for sjeldne lavartar og liknande. For at desse trea ikkje skal bli "overgrodd", vil det vere behov for jamleg vedlikehald. Det blir gitt tilskot til regelmessig skjøtsel av styvingstre. Ordninga er først og fremst retta mot eksisterande styvingstre, men dersom det blir etablert nye styvingstre, vil også desse kunne få tilskot. Ved etablering av nye styvingstre, kan det ikkje bli gitt tilskot før etter at trea er styva første gong.

Vilkår:

- ✓ Areal med styvingstre skal vere teikna inn på kart
- ✓ Du må kunne gjere skriftleg greie for skjøtselen av trea.
- ✓ For å ha rett på tilskot, må trea skjøttast minst kvart 6. år. Skjøtselen må tilpassast type tre og driftsopplegg. Tilskotet blir likevel utbetalt kvart år. Fyrste utbetaling kan bli gjort det fyrste året treet blir styva.
- ✓ Tre må ikkje ha omfattande beiteskadar

Maksimalt tilskot per føretak er 50 000 kr.

Slått av biologisk verdifulle areal

I denne ordninga blir det gitt tilskot til biologiske verdifulle areal som blir drevet på ein slik måte at kvalitetane blir oppretthaldt. Tilskotsordninga gjeld berre dei areala som er registrert i Direktoratet for Naturforvaltning sin database, Naturbasen i følgjande kategoriar:

A01 – Intakt låglandsmyr,
A03 -Terrengdekkande myr,
A05 - Rikmyr,
A07- kystmyr
D07- slåtte og beitemyr
D05 - Kalkrikeenger.

Områda må ha verdiklassifisering A eller B. Myrareal må grense inn mot innmarksareal (fulldyrka jord eller innmarksbeite). Maksimalt tilskot per føretak er kr 20 000,-.

Vilkår:

- ✓ Areala skal teiknast inn på kart.
- ✓ Det kan ikkje vere gjort inngrep i myra som t.d. grøfter og kanalar.
- ✓ Areala skal ikkje gjødsla med husdyrgjødsel eller mineralgjødsel. Dei skal heller ikkje sprøytast med kjemiske plantevernmidlar så framt dette ikkje er ein del av ein godkjend skjøtsel.
- ✓ Oppslag av buskar og tre skal haldast nede.
- ✓ Automatisk freda kulturminne og nyare tids kulturminne på omsøkt areal skal haldast ved like.

Beite av biologisk verdifulle areal

Det blir gitt tilskot per dekar naturbeitemark som blir beita. Naturbeitemark er grasmark som er påverka av lang tids beite og som ikkje er gjødsla eller kalka. Dei er verdifulle område då dei er artsrike og viser historisk beitebruk. Områda det kan søkjast tilskot til må vere klassifisert som naturbeitemark (D04) i Naturbasen med verdi A. Maksimalt tilskot per føretak er kr 50 000,-.

- ✓ Området det blir beita i skal merkast av i kartportalen.
- ✓ Skjøtsel av naturbeitemark skal omtala i ein skjøtselsplan. Skjøtselplanen skal vere utarbeidd av eigna faginstans, og skal leggjast ved søknaden. Kommunen skal godkjenne skjøtselsplanen.
- ✓ Automatisk freda kulturminne på omsøkt areal skal haldast ved like.

Maksimalt tilskot per føretak er 50 000 for summen av ordningane: Særlig verdifull kystlynghei, Verdifull kystlynghei, Beite av kystlynghei og beite av biologisk verdifulle areal (naturbeitemark).

Tilrettelegging av fuglebiotop

Det er ønskjeleg å stimulere til beiting og mindre næringstilsig i og ved dei grunne, fuglerike vatna i Rogaland som er verna som våtmarksreservat. Fulldyrkning heilt ned til vatna gjer at det meste av strandsona ikkje blir beita og gror til med takrøyr, buskar og tre. Der det blir beita, truar sterke gjødsling både det biologiske mangfaldet og vasskvaliteten. Det blir derfor gjeve eit tilskot i avgrensa område for ugjødsla beiting med moderat beitetrykk for å syte for rett skjøtsel av viktige våtmarksbiotopar, redusera næringsavrenninga til vatna og sikre auke det biologiske mangfaldet på tilgrensande fastmark. Dei utplukka områda omfattar strandline i våtmarksreservat og ugjødsla lynghei og naturbeitemark som grenser inn mot reservat der beiting vil vere positivt for verneføremålet. Sjå oversikt på Temakart Rogaland/ RMP: www.temakart-rogaland.no/rmp.

Vilkår:

- ✓ Arealet det blir gitt tilskot til skal vere teikna inn på kart
- ✓ Skjøtselplan skal leggjast ved søknaden og skal godkjennast av kommunen.
Skjøtselsplanen skal sikre at beitinga i verneområde skal vere i samsvar med vernereglar og forvaltningsplanar.
- ✓ Det skal ikkje gjødsla eller leggjast tilleggsfør på tilskotsarealet.
- ✓ Beitedyra skal ha tilgang til strandsona slik at denne ikkje gror til med takrøyr m.m..

Bevaringsverdige husdyrrasar



Foto: Anna Rehnberg © Skog og landskap. Fuglestadbroete sau er ein av rasane med spesiell utbreiing i Rogaland

Ein bevaringsverdig rase er her definert som ein nasjonal rase med så få individ at dei er kritisk trua. Det blir gitt tilskot til raser som har sitt opphav frå Vestlandet, eller har ein spesiell utbreiing her. Rasen må vere på Norsk genressurssenter sin oversikt over bevaringsverdige husdyrrasar.

Tilskotet til storfe kjem i tillegg til det nasjonale tilskotet til bevaringsverdige storferasar gjennom produksjonstilskot i jordbruket. Det stillast same krav som i produksjonstilskot, kyr (ammekyr og mjølkekryr) må ha kalva minst ein gong. Oksar må vere eldre enn 12 månader. Det blir gitt tilskot til inntil 2 oksar per føretak. Tilskot for småfe blir gitt til dyr over eitt år ved registreringsdato 1. januar. På søknaden må du krysse av for at oppgitt tal sau er gjelder vaksne sauer registrert i sauekontrollen (i låst rasekode).

Det blir gitt tilskot til følgjande raser:

Småfe: Rygjasau, Fuglestadbroete sau, Blæset sau, Dalasau,
Storfe: Vestlandsk raudkolle, Vestlandsk fjordfe, Telemarksfe

Vilkår:

- ✓ Sau må innan telldato vere registrert i sauekontrollen i låst rasekode som minst 7/8 reinrasa. Det er raselaga som har tilgang til å registrere dyr i låst rasekode.
- ✓ Storfe må vere omsøkt tilskot til bevaringsverdige husdyrrasar i produksjonstilskot

Kontaktpersonar for raselaga:

Dalasau:	Torbjørn Nordmark	E-post: tnordm@online.no	mobil: 404 06 327
Rygjasau:	Margunn Nedrebø	E-post: perne@hesbynett.no	mobil: 977 54 664
Fuglestadbroete og Blæsete:	Ellen K. Gudmestad	E-post: egudmest@online.no	mobil: 924 00 591

Kulturminne



Foto: Jens Flemming Krøger

I Rogaland finst det i dag om lag 20 000 automatisk freda kulturminne (det vil seie kulturminne eldre enn 1537 e.Kr). Kulturminna er ein viktig del av kulturarva vår. Gjennom Regionalt miljøprogram blir det gitt tilskot for å støtte aktiv skjøtsel av områda, og for at det i drifta av jordbruksarealet skal takast ekstra omsyn.

Generelle vilkår:

- ✓ Kulturminnet må vere synlege og registrert i databasen Askeladden.
- ✓ Du må kunne gjere skriftleg greie for korleis skjøtselen av kulturminna har vore.
- ✓ Det skal vere ein skånsam og aktiv skjøtsel av områda enten gjennom beiting eller ved at trer og buskar fjernast manuelt.
- ✓ Det skal ikkje brukast sprøytemidlar for å fjerne vegetasjonen. Punktsprøyting mot ugras kan gjerast.
- ✓ Ved rydding av tre og kratt skal stubbar og røter stå igjen slik at ikkje kulturminna blir skada ved at ein forsøker å fjerne desse.
- ✓ Store særeigne tre i området kan ein la stå.
- ✓ Det skal ikkje gravast på eller ved eit kulturminne, og det skal ikkje fjernast masse eller torv frå området.
- ✓ Det skal ikkje køyrast på eller kloss inntil kulturminnet. Dersom det må brukast traktor eller andre tunge reiskap ved t.d. fjerning av hogstavfall skal det skje på vinteren mens det er tele i bakken.

Dispensasjonar

I særskilte tilfelle kan det bli gitt dispensasjon slik at også andre kulturminne kan få tilskot per enkeltminne. Dette gjeld automatisk freda kulturminne/- miljø av stor regional eller nasjonal verdi som har vesentlege publikumsinteresse eller opplevingsverdi, eller som er svært sjeldne og har skjøtselsbehov. Kulturminna det søker tilskot dispensasjon for må vere godt ivaretakne.

Maksimalt tilskot for ordninga skjøtsel av gravminne og skjøtsel av andre automatiske kulturminne er kr 14 000,-

Skjøtsel av gravminne

Tilskotet blir gitt per enkeltminne som etter kulturminnelova er eit gravminne. Med gravminne meinast automatisk freda gravhaugar, gravrøyser, gravkammer, steinleggingar, kistegraver og kyrkjegardar. Gravminna kan ligge enkeltvis. Du må ha minst 3 eller fleire registrerte synlege enkeltminne for å ha rett til tilskot. Lokaliteten gravminna ligg i må ligge på eller i direkte tilknyting til jordbruksareal (innmarksbeite, overflatedyrka jord og fulldyrka jord). Ein lokalitet i databasen Askeladden er eit avgrensa område med eit eller fleire enkeltminne.

Skjøtsel av andre automatisk freda kulturminne

Tilskotet blir gitt per dekar automatisk freda kulturminne. Kulturminna må ligge på eller i direkte tilknyting til jordbruksareal (innmarksbeite, overflatedyrka jord og fulldyrka jord) og vere synlege. Du må ha minst 15 dekar med registrerte kulturminne for å kunne søkje tilskot. Der registreringane i Askeladden også er på fulldyrka mark som kan drivast på vanleg måte, skal dette arealet trekkast i frå total areal med kulturminne. Gravminne som det er gitt tilskot til gjennom "skjøtsel av gravfelt" skal trekkjast frå arealgrunnlaget. I søknaden skal det i tillegg førast opp kor mange ulike lokalitetar det søker tilskot til.

Drift av enkeltseter med mjølkeproduksjon

Mange stader i Rogaland har stølsdrift vore ein del av drifta. Landskapet og eksisterande bygningar knytt til gards- og stølsdrift i fjellet inneheld både biologiske og kulturhistoriske verdier det er viktig å ta vare på. Ordninga gjeld bruk som har hovuddelen av mjølkeproduksjonen med ku eller geit på setra i minst 4 veker i sommarhalvåret.

Friluftsliv



Gåturar gjennom jordbrukslandskapet gir gode opplevingar, og er verdifulle både for folkehelsa og befolkninga si oppleveling av jordbruket. Tilskot til turstiar skal stimulere til, og gi betaling for at jordbruksføretak legg til rette for ferdsel på eigedomen. Tilrettelegging er med på å styre ferdsla til dei områda grunneigar ønskjer. Slik tilrettelegging kan vere med på å dempe konfliktar mellom gradbrukar og turgårar.

Vedlikehald av ferdelsårar i jordbrukslandskapet

Gjennom denne ordninga kan ein få tilskot til vedlikehald av turstiar over eller i kanten av innmarksareal (fulldyrka areal, overflatedyrka areal, innmarksbeite og plantefelt). Ein kan også få tilskot til landbruksvegar som går i kanten av innmarksareal dersom desse er ein del av ein samanhengande, merka tursti. Kommunen kan avslå turstiar som ikkje passer inn i eit naturleg nettverk av turstiar. Det blir ikkje gitt tilskot til offentleg veg langs dyrka mark.

Skogplantefelt er område som er tilplanta eller tilsådd med skog. For at eit område skal kunne rekna som skogplantefelt, må det ha nokolunde tett og regelmessig tilplanting. Når plantene etter nokre år har vekse til (nådd omrent knehøgde) og blitt meir hardføre overfor ferdsel, kan ikkje området lengre sjåast som skogplantefelt i friluftslovens forstand.

Generelle vilkår for turstiar

- ✓ Turstien skal vere teikna inn på kart
- ✓ Turstien skal vere godt merka og skilta i terrenget og vere lett tilgjengeleg.
- ✓ Turstien skal vere avmerka på eit kart: offentleg kjent turkart (M711 eller eit anna turkart) eller kommune plankart. Ta kontakt med kommunen for informasjon om turstien på din eigedom er teikna inn på eit kart. I vurderinga av om turstien kan merkast av på kart, skal

- kommunen ta omsyn til om turstien er/blir ein naturleg del av ei rundløype eller turstinettverk
- ✓ Turstiane må liggje på eigen eigedom, alternativt må det føreliggje ein avtale om vedlikehald med grunneigar.

Turstiar med høg tilrettelegging

Det blir gitt eit høgare tilskot til turstiar som ligg nær regulerte bustadfelt og/eller turstiar som ligg innanfor "grøntstruktur" i "Fylkesdelplan for byutvikling på Jæren" og i "Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet".

Vilkår:

- ✓ Turstien skal ligge innanfor en radius på 3 km målt i luftlinje frå regulerte bustadfelt, eller innanfor "grøntstruktur" i "Fylkesdelplan for byutvikling på Jæren" og i "Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet".

Turstiar med lav tilrettelegging

Turstiar som ligg lengre unna regulerte bustadfelt enn 3 km målt i luftlinje blir rekna som turstiar med lav tilrettelegging. Det blir også gitt tilskot til gamle stølsvegar og vegar til fråflytta fjellgardar med kulturhistorisk interesse. Det vil berre bli gitt tilskot til den delen av stølsvegen som tydeleg ber preg av synlig tilrettelegging (oppbygging, steinsetting eller liknande), eller som har behov for jamleg skjøtsel. Det blir ikkje gitt tilskot til bilveg/traktorveg.

Avrenning til vassdrag og kyst



Foto: Arne J. Lyshol. Reinsepark

Diffus næringsavrenning fra jordbruket er ei kjelde til eutrofiering av vassdrag. Føremålet med tiltaka er å redusere tapet av næringsstoff og plantevernmiddel. Vassdrag som etter Vassdirektivet si klassifisering er sterkt påverka av jordbruk, og som har dårlig vasskvalitet er prioritert.

Fangvekstar etter hausting

Fangvekstar er vekstar som blir sådd for å samle opp næringsstoff og redusere jorderosjonen etter at hovudveksten er hausta. Fangveksten kan haustast ved slått eller beiting under føresetnad av at dette ikke fører til vesentleg dårligare effekt pga. køyreskadar eller betydelege skadar etter hard beiting og tråkk.

Vilkår:

- ✓ Fangveksten må etablerast så tidleg i sesongen at den er godt etablert til hausten.
- ✓ Arealalet skal ikke jordarbeidast, sprøytes eller gjødslast om hausten, og før 1. mars neste år.
- ✓ Frøblandingen skal innehalde maksimalt 15 % belgvekstar, og skal ikke vere lik hovudveksten det året det sås eller året etter. Attlegg til eng er ikke å sjå på som fangvekst i denne sammenhengen.

Ugjødsla randsone i eng



Foto: Nono Dimby. Ugjødsla randsone i eng



Prinsippskisse

Det kan gjevast årleg tilskot til ugjødsla randsoner med gras på fulldyrka og overflatedyrka areal langs vatn, elvar, bekker og kanalar som er utsett for næringsavrenning frå jordbruket. Kjøreveg på dyrka areal er ikkje å sjå på som randsone i denne samanhengen. Det er ønskjeleg at randsona med gras skal vere mest mogleg permanent. Fylkesmannen avgjer kva vassdrag dette gjeld. For å ha rett på tilskot, må det søkjast om minst 50 meter ugjødsla randsone.

Vilkår

- ✓ Randsonen skal vere med fleirårig gras, og vere minst 5 meter brei.
- ✓ Randsonen skal haustast ved slått eller beiting.
- ✗ Det kan ikkje gjødsla last i randsonen, og det skal heller ikkje brukast plantevernmiddel.
- ✓ Sonen skal vere mest mogleg permanent. Fornying kan likevel skje. Dersom dette er aktuelt må jordarbeidning og tilsåing skje på våren og innan 1. juli.
- ✓ Sonen må starte nærmare enn 20 meter frå vasskanten.

Tilskot til ugjødsla ransoner og vegetasjonssoner gjeld i følgjande område:

Virkeområdet for miljøvenleg gjødselspreiing	Sjå side 29
Dalane:	Hellelandsvassdraget og nedre del av Hålandselva
Jæren (tillegg til virkeområdet for miljøvenleg spreiing):	Stokkavatnet, Hafrsfjord, bekker med direkte utløp til Nordsjøen i Sola kommune, Imsvassdraget, Soma/Bærheimskanalen, Bøkanalen
Haugalandet (tillegg til virkeområdet for miljøvenleg spreiing):	Viksevassdraget, Vikåna, Langåkeråna,
Ryfylke:	Skartveitvatnet, Hauskevatnet, Vostervatnet, Nordlandsvatnet, Hetlandsvatnet, Espedalsvatnet

Vegetasjonssone

Det kan gjevast årleg tilskot til vegetasjonssone av fleirårlige grasvekstar langs vatn, elvar, bekker og kanalar på areal kor det dyrkast korn grønsakar eller potet. Fylkesmannen avgjer kva vassdrag dette gjeld for. For å ha rett på tilskot må det søkjast om minst 50 meter vegetasjonssone. I søknaden skal tal dekar randsone førast opp (1 dekar =1000m²)

Generelle vilkår:

- ✓ Vegetasjonsona skal vere på fulldyrka areal, og vere minst 10 meter brei
- ✓ Det kan ikkje gjødsla last i vegetasjonssona, og det skal heller ikkje brukast plantevernmiddel. Område skal vere innteikna på kart.

- ✓ Sonen skal vere mest mogleg permanent. Fornying kan likevel skje. Dersom dette er aktuelt må jordarbeiding og tilslåing skje på våren og innan 1. juli.
- ✓ Sonen må starte nærmere enn 20 meter frå vasskanten.

Korn

Tilskotet blir gitt til vegetasjonssonar med fleirårig gras avsett i kornareal jamfør generelle vilkår.

Potet/grønsaker

Tilskotet blir gitt til vegetasjonssonar med fleirårig gras avsett i potet- eller grønsaksareal jamfør generelle vilkår.

Vedlikehald av fangdammar



Dei siste tiåra er det gitt tilskot til etablering av om lag 300 reinseparkar/ fangdammar i Rogaland. Slike reinseparkar har vist seg å ha god effekt i forhold til å dempe avrenninga av næring frå jordbruksareal, særleg for fosfor. For at reinseparkane skal ha god effekt er det behov for jamleg vedlikehald og tøyming av dammane for sediment/botnfall.

Vilkår:

- ✓ Fangdammen må minst vere 3 år før tilskotet kan utbetalast første gong
- ✓ Det skal leggjast fram dokumentasjon for utgifter til oppreinsking. Tilskotet kan maksimalt utbetalast ein gong kvart 3. år

Miljøavtale

Miljøavtale er ein avtale mellom landbruksforvaltning og landbruksføretak med hensikt om å redusere fosforavrenning frå jordbruket til vassdrag, og få til meir optimal utnytting av husdyrgjødsel i vekstsesongen. Miljøavtalen gjeld i nedslagsfeltet til vassdrag definert av Fylkesmannen. Trinn 1 gjelder for dei første 3 åra med miljøavtale, mens trinn 2 gjelder for dei neste tre åra der ein har valt å gå vidare med avtalar. Tilskotet blir gitt for fulldyrka og overflatedyrka areal som er i nedslagsfeltet til vassdraget. Underteikna avtale gir landbruksforvaltninga rett til å innhente og samanstille opplysningar om jorda sin fosforstatus. Maksimalt tilskot per føretak er 50 000 kr. På søknaden må du krysse av for at husdyrgjødsla er spreidd innan 10. august.

Vilkår:

- ✓ Kopi av miljøavtalen skal leggjast ved søknaden.
- ✓ Gjødsling med husdyrgjødsel og mineralgjødsel skal vere i tråd med plantane sitt behov, og ikkje overskride tillatne mengder fosfor som er definert i avtalen.
- ✓ Det skal først gjødslingsplan og gjødslingjournal for alt areal føretaket disponerer. Gjødslingsjournal skal leggast ved søknaden
- ✓ Gjødsellager for husdyrgjødsel som føretaket disponerer skal vere tømt innan 1. august. Restgjødsel kan bli spreidd fram til 1. september.
- ✓ Aktuelle tiltak omtalt i miljøavtalen del A. skal vere følgt opp.
- ✓ Jordprøveanalysane skal ikkje vere eldre enn 5 år.

Område i trinn 1

Følgjande vassdrag er i trinn 1:

- Hålandsvatnet i Randaberg kommune og Stavanger kommune (2013-2015)
- Timebekken i Time kommune (2013-2015)
- Nordre og sørnre Varhausåna (2013 -2015)
- Tverråna (2015-2017)

Område i trinn2

Følgjande vassdrag er i trinn 2:

- Skas Heigre (2013-2015)
- Vatsvatnet og Landavatnet i Vindafjord kommune (2015 -2017)

Miljøvenleg spreiing av husdyrgjødsel



Foto: Anne Grete Rostad. Spreieutstyr for nedlegging av husdyrgjødsel med slangetilkopling til gjødsellager

Husdyrgjødsel er ein verdifull ressurs i jordbruksystemet. Spreiemetodar som gjer at gjødsla raskare kjem i kontakt med jord førar til mindre tap av næringsstoffar. Metodane gir mindre tap av ammoniakk til luft, mindre næringsavrenning til vassdrag og mindre lukt i samband med spreieninga. Den nasjonale pilotordninga med tilskot til miljøvenleg spreiing av husdyrgjødsel vart avslutta i 2012, og frå 2013 er tilskot til miljøvenlege metodar tatt inn i regionalt miljøprogram.

I denne samanheng meinast med miljøvenleg spreieing bruk av utstyr som legger gjødsla heilt ned på bakken, nedlegging, utstyr som skyt gjødsla ned i jorda, nedfelling eller nedmolding av gjødsla innan 2 timer. Det kan søkjast tilskot til overflatedyrka og fulldyrka areal kor miljøvenleg metode er nytta ved alle gjødslingane med husdyrgjødsel. Maksimalt tilskot per føretak er 50 000 kr. På søknaden må du krysse av for at husdyrgjødsla er spreidd innan 10. august.

På areal det søker tilskot til må utstyret brukast ved alle gjødslingane med husdyrgjødsel

Det er knytt følgjande vilkår til ordninga:

- Arealet det søker tilskot på skal teiknast inn i kart.
- All husdyrgjødsel føretaket disponerer skal brukast i samsvar med forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer mv. av organisk opphav.
- All husdyrgjødsel brukt på omsøkt areal må vere spreidd på miljøvenleg måte. Det må minst bli spreidd 5 kg total-Nitrogen per dekar.

- d) Ved spreiling må det ikke bli brukt så store mengder at det fører til overflateavrenning av gjødsla.
- e) Areala som får tilskot må haustast eller beites etter spreiling same år.
- f) Siste frist for å spreie husdyrgjødsel på omsøkt areal er 10. august.
- g) Husdyrgjødsellagre som føretaket disponerer må vere tømt i løpet av vekstsesongen og seinast innan 10. august.

Tilskotet er avgrensa til definerte område fastsett av Fylkesmannen:

Rogaland fylke:	Areal som blir drivne økologisk
Heile kommunane: kommune	Vindafjord, Randaberg, Sola, Stavanger, Time, Klepp og Hå
Område i Tysvær kommune som drenerer til	Grindafjorden og Skjoldafjorden nord for Borgøya
Område i Sandnes kommune og Gjesdal kommune som drenerer til	Figgjovassdraget, inkludert Skas Heigre-kanalen Storåna, Folkvordkanalen

Nedlegging eller nedfelling

Tiltaket gjeld spreiling av husdyrgjødsel i veksande kultur, open åker og stubb der gjødsla anten blir ført direkte ned i bakken, mekanisk eller ved hjelp av høgt trykk nedfelling: DGI) eller den blir ført i slangar eller rør heilt ned på bakken (nedlegging: stripespreiar). Ut i frå kva areal gjødsla blir spreidd på skal tal dekar førast opp anten under «veksande kulturar» eller «open åker eller stubb».

Veksande kulturar

Med veksande kultur meinast eng eller haustkorn om våren.

Open åker eller stubb

Med open åker eller stubb meinast areal der det blir sådd korn, belgvekstar, grønsaker eller potet.

Bruk av tilførselsslangar

Der det i tillegg til bruk av utstyr for nedfelling eller nedlegging av gjødsla blir brukt slangeutstyr, kan det søkast om ekstra tilskot til dette. Med slangeutstyr meinast slangar eller rør som fører gjødsla ut på arealet fram til spreien. Tilførselsslangane må brukast ved alle gjødslingane med husdyrgjødsel på omsøkt areal.

Spreiling med rask nedmolding

Harving eller pløyning etter overflatespreiling av husdyrgjødsel innan to timer etter spreiling, slik at gjødsla dekkes av jord eller blandast inn i det øvste jordlaget (nedmolding).

Forskrift om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket i Rogaland (RMP-forskrifta for Rogaland fylke)

Fastsett av Fylkesmannen i Rogaland 10. juni 2015 med heimel i lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova) § 18 og delegeringsvedtak 14. desember 2004 nr. 1615.

Kap. 1. Innleieande reglar

§ 1. Formål

Formålet med tilskot til miljøtiltak i jordbruket i Rogaland er å stimulere til eit aktivt og berekraftig jordbruk som tek vare på kulturlandskapet, det biologiske mangfaldet, stimulerer til opplevingar av landskapet og som reduserer ureininga til jord, vatn og luft.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld for tiltak i Rogaland fylke.

§ 3. Grunnvilkår

Tilskot kan bli gitt til:

- føretak som har rett på produksjonstilskot i jordbruket, jf. Forskrift 19. desember 2014 nr 1817 om produksjonstilskudd mv. i jordbruket
- Ved bruk av gjødsel skal føretaket ha gjødslingsplan jf. forskrift 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging
- Ved bruk av plantevernmiddel skal føretaket skal føretaket oppfylle krav til føring og oppbevaring av journal iforskrift 6. mai 2015 nr. 455 om plantevernmidler § 20 og §26, og føring og oppbevaring av register over plantevernmiddel i same forskrift, artikkel 67.
- beitelag som er godkjent av kommunen og som er registrert i Einingsregisteret jf. enhetsregisterloven av 13.06.1994, nr. 15.

Einskilde ordningar har vilkår utover grunnvilkåra.

Kapittel 2. Tilskot for å ta vare på kulturlandskapet

§ 4. Slått av jordbruksareal

Det kan gjevest tilskot til fulldyrka areal og overflatedyrka areal i særskilt definerte område fastsett av Fylkesmannen. Arealet må skjøttast. I dette ligg hausting av normal avling for området.

§ 5. Beite av jordbruksareal

Det kan gjevest tilskot til beiting i særskilt definerte område fastsett av Fylkesmannen. Vilkår knytt til beiting i verneområde og areal med spesielle verdiar kjem fram av rettleiingsheftet.

§ 6. Skjøtsel av bratt areal

Det kan gjevest tilskot til hausting (beite og slått) av fulldyrka areal, overflatedyrka areal og innmarksbeite i tråd med krav i rettleiingsheftet. Arealet må drivast slik at det har normal fôrkvalitet og produksjon.

§ 7. Drift av beitelag

Det kan gjevast tilskot til ordinær drift av godkjente beitelag som organiserer felles beitebruk i utmark i minimum 6 veker i sommarhalvåret. Ordninga gjeld for beitelag som har sau, geit, hest og/eller storfe.

§ 8. Beite i utmark

Det kan gjevast tilskot til: geit og ekstensive kjøttferasar som beitar minst 8 veker i utmark.

Fylkesmannen fastsett kva dyreslag som er å rekne som ekstensive kjøttferasar.

Kapittel 3. Tilskot for å stimulere biologisk mangfald

§ 9. Skjøtsel av slåttemark

Det kan gjevast tilskot til årleg slått og vedlikehald av slåttemarker som er registrerte i Naturbasen. Arealet må skjøttast i samsvar med skjøtselsplan slik at dei biologiske kvalitetane på arealet blir stetta.

§ 10. Skjøtsel av kystlynghei

Det kan gjevast tilskot til:

- a) Vedlikehald av spesielt verdifulle område med kystlynghei. Desse områda er fastsett av Fylkesmannen.
- b) Vedlikehald av kystlynghei som er registrert i Naturbasen med verdiklassifisering A.
- c) Beitedyr som beiter på område som er registrert i Naturbasen med verdiklassifisering B

For å ha rett til tilskot etter punkt a), b), c) må det vere utarbeid konkret skjøtselsplan godkjend av kommunen.

§ 11. Skjøtsel av styvingstre

Det kan gjevast tilskot til vedlikehald av styvingstre. Trea og området skal skjøttast etter fastsette retningslinjer. Det skal ligge føre ein skriftleg omtale av korleis skjøtselen har vore.

§ 12. Skjøtsel av biologisk verdifulle areal

Det kan gjevast tilskot til vedlikehald av areal fastsett av Fylkesmannen som er registrert i Naturbasen. Arealet må skjøttast slik at dei biologiske kvalitetane på arealet blir stetta. Det kan berre gjevast tilskot til areal som grensar mot fulldyrka areal, overflatedyrka areal eller innmarksbeite.

§ 13. Beite av biologisk verdifulle areal

Det kan gjevast tilskot til beiting på areal som er registrert i Naturbasen som naturbeitemark med verdiklassifisering A. For å ha rett til tilskot må det vere utarbeid konkret skjøtselsplan godkjend av kommunen.

§ 14. Tilrettelegging av fuglebiotop

Det kan gjevast tilskot til beiting i fuglerike biotopar i definerte område fastsett av Fylkesmannen i tilknyting til våtmarksreservat. Beiting innanfor reservata skal vere i samsvar med vernereglane og forvaltningsplanar. For å ha rett på tilskot, må det vere utarbeidd skjøtselplan godkjend av kommunen.

§ 15. Tilskot til bevaringsverdige husdyrrasar

Det kan gjevast tilskot til dyr av husdyrrasar fastsett av Fylkesmannen som er på Norsk genressurssenter si liste over bevaringsverdige husdyrrasar. Vilkår elles kjem fram av rettleiingsheftet.

Kapittel 4. Tilskot for å ta vare på kulturmiljø og kulturminne

§ 16. Drift av enkeltseter med mjølkeproduksjon

Det kan gjevast tilskot til bruk som har hovuddelen av sin mjølkeproduksjon med ku og/eller geit på seter i minst fire veker i sommarhalvåret.

§ 17. Skjøtsel av gravminne

Det kan gjevast tilskot til vedlikehald av synleg automatisk freda gravfelt i tråd med vilkår i rettleiingsheftet. Skjøtselen skal vere i samsvar med gjeldande retningslinjer. Det skal ligge føre ein skriftleg omtale av korleis skjøtselen har vore.

§ 18. Skjøtsel av andre automatisk freda kulturminne

Det kan gjevast tilskot til vedlikehald av synlege og automatisk freda kulturminne som ligg på eller i direkte tilknyting til jordbruksareal. Skjøtselen skal vere i samsvar med gjeldande retningslinjer. Det skal ligge føre ein skriftleg omtale av korleis skjøtselen har vore.

Kapittel 5. Tilskot for å leggje til rette for friluftsliv

§ 19. Vedlikehald av ferdelsårar i jordbrukslandskapet

Det kan gjevast tilskot til:

- a) vedlikehald av turstigar som går over, eller i kanten av, innmarksbeite, dyrka mark, overflatedyrka mark og/eller skogplantefelt.
- b) Vedlikehald av gamle stølsvegar

For å ha rett på tilskot til vedlikehald av turstigar og stølsvegar må turstigen/stølsvegen vere merka av på eit offentleg turkart og skilta i terrenget. Turstigen/stølsvegen må vere lett framkommeleg.

Kapittel 6. Tilskot for å minske næringsavrenning til vassdrag og kyst

§ 20. Fangvekstar etter hausting

Det kan gjevast tilskot til fangvekstar i potet- og/eller grønsaksareal etter vilkår sett av Fylkesmannen.

§ 21. Ugjødsla randsone i eng og vegetasjonssoner

Det kan gjevast tilskot til ugjødsla randsoner av gras på fulldyrka areal langs forureina vatn, vassdrag og kanalar. Fylkesmannen avgjer vilkår og kva vatn, vassdrag og/eller kanalar dette gjeld.

§ 22. Vedlikehald av fangdammar

Det kan gjevast tilskot til oppreinsking av etablerte fangdammar/reinseparkar eldre enn 10 år.

Kommunen kan i særskilte tilfelle godkjenne tilskot til tidligare oppreinsking.

§ 23. Miljøavtale

Det kan gjevast tilskot til føretak som gjennomfører eit sett av tiltak som bidreg til å redusere fosforavrenning frå jordbruksareal. Fylkesmannen fastsett kva område det kan teiknast miljøavtalar

for. Vilkår og omtale av kva tiltak som skal gjennomførast skal gå fram av ein fastlagt avtale. Avtalen skal godkjennast av kommunen. Underteikna avtale gir landbruksforvaltninga rett til å innhente og bruke informasjon om fosforstatus i jorda.

Kapittel 7. Tilskot for å minske utslepp til luft

§ 24. Miljøvenlig bruk av husdyrgjødsel

Det kan gjevast tilskot til fulldyrka og overflatedyrka areal i område fastsett av Fylkesmannen der husdyrgjødsel er spreidd med bruk av følgjande metodar:

- 1) Gjødsla enten blir ført direkte ned i bakken, mekanisk eller ved hjelp av høgt trykk (nedfelling) eller blir ført i slangar eller rør heilt ned på bakken (nedlegging), eller
- 2) Rask nedmolding der husdyrgjødsla enten ved harving eller pløyning etter overflatespreiing vert dekka av jord eller blanda inn i det øvste jordlaget innan 2 timer.

Det blir gitt eit tillegg dersom det ved spreiing av husdyrgjødsel vert brukt slangeutstyr.

Følgjande vilkår blir sett for tilskot:

- a) All husdyrgjødsel føretaket disponerer må bli brukt i samsvar med gjeldande forskrift om organisk gjødsel
- b) Utstyr som gir grunnlag for tilskot må bli nytta ved all bruk av husdyrgjødsel på omsøkt areal
- c) Minste spreiemengde er 5 kg total-N per dekar
- d) Husdyrgjødsla på omsøkt areal må spreiest innan 10. august. Fylkesmannen kan på grunnlag av særlege klimatiske høve setje seinare frist enn 10. august.
- e) Husdyrgjødsellagre som føretaket disponerer skal vere tømde i løpet av vekstsesongen, og seinast innan 10. august

Kapittel 8. Generelle reglar

§ 25. Retningslinjer og satsar

Tilskot blir utbetalt etter utfyllande retningslinjer, satsar, definisjonar mv. fastsett av Fylkesmannen i Rogaland i samråd med Rogaland Bondelag og Rogaland Bonde- og småbrukarlag.

§ 26. Søknad og utbetaling

Søknaden skal fremjast på søknadsskjema fastsett av Fylkesmannen i Rogaland. Søknadsfristen er 20. august. For tilskot til beitelag er søknadsfristen 1. november.

Ved for sein innlevert søknad vil tilskotet bli redusert med 1.000 kroner per yrkedag etter fristens utløp. Søknadar som blir levert seinare enn 20 yrkedagar etter søknadsfristen blir automatisk avvist.

Løyvd tilskot blir betalt ut til det føretaket eller beitelaget som set fram søknaden. Tilskot kan ikkje overdragast til eie eller pant.

§ 27. Administrasjon, dispensasjon og klage

Vedtak om tilskot blir fatta av kommunen. Fylkesmannen kan i særlege tilfelle dispensere frå reglane i denne forskrifta.

Vedtak fatta av kommunen kan klagast på¹ til Fylkesmannen. Vedtak fatta av Fylkesmannen i første instans kan klagast på til Landbruksdirektoratet.

1 Jf. lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningsaker (forvaltningsloven).

§ 28. Opplysningsplikt og kontroll

Føretak og beitlag som får tilskot etter denne forskrifta pliktar å gi alle nødvendige opplysningar som kommunen, Fylkesmannen eller Landbruksdirektoratet krev.

Kommunen, Fylkesmannen og Landbruksdirektoratet fører tilsyn med at utbetalingar av tilskot er riktige, og har tilgang til all bokføring, korrespondanse og oppteikningar som vedkjem tilskotet.

Opplysningar gitt i samband med søknad om tilskot kan også kontrollerast ved teljing og måling på dei landbrukseigedomane føretaket disponerer.

§ 29. Tilbakehald og avkorting ved brot på regelverket

Dersom søker aktlaust eller forsettleg driv eller har drive si verksemid i strid med anna regelverk for jordbruksverksemid, kan heile eller delar av tilskotet bli avkorta eller heldt tilbake.

Tilskotet kan avkortast eller heilt bortfalle dersom føretaket ikkje oppfyller, eller berre delvis oppfyller krava stilt i § 3, andre punkt. Utbetal tilskot kan av same årsak heilt eller delvis krevjast tilbakebetalt jf. § 31.

§ 30. Tilbakehald og avkorting ved feilopplysningar

Dersom søker aktlaust eller forsettleg har gitt feil opplysningar som har ført eller kan føre til urettkomen utbetaling av tilskot for seg eller andre, kan heile eller delar av tilskotet bli avkorta eller heldt tilbake inntil forholdet er avklart. Tilskotet kan også avkortast dersom føretaket ikkje overheld dei fristar som Kommunen, Fylkesmannen eller Landbruksdirektoratet har satt for å kunne gjere sine kontrolloppgåver i medhald av § 28.

§ 31. Tilbakebeting og renter mv.

Dersom føretaket som følgje av manglande oppfylling av vilkår i denne forskrifta eller av andre årsakar har motteke ei utbetaling som dei ikkje har krav på kan det feilutbetalte beløpet krevjast tilbakebetalt frå mottakaren eller motrekna i seinare tilskotsutbetaling. Tilsvarande gjeld differansen mellom utbetal beløp og redusert tilskot som følgje av vedtak om avkorting etter § 29 og § 30.

For tilbakebetalingskrav kan det krevjast renter når kravet ikkje er innfridd ved forfall. Ved grov akløyse eller forsett kan renter krevjast frå tidspunktet for utbetalinga av det urettmessige tilskotet. Storleiken på renta følgjer rentesatsen fastsett med heimel i lov 17. desember 1976 nr 100 om renter ved forsinket betaling m.m.

Krav frå offentleg styresmakt som har sitt utspring i føretaket si jordbruksverksemid kan motrekna i seinare tilskotsutbetalingar til føretaket.

§ 32. Iverksetjing

Forskrifta trer i gang straks. Samstundes blir forskrift om tilskot til miljøtiltak i jordbruket i Rogaland fastsett 7. juni 2013 nr 604 opphev



Foto: Nono Dimby

**Fylkesmannen i Rogaland
Pb 59
4001 Stavanger
www.fylkesmannen.no/rogaland**